

Pressemelding: Rein Hardangerfjord – *Me berre gjer det!*

VERDAS STØRSTE STRANDRYDDEAKSJON I HARDANGERFJORDEN



Stiftinga Framtidshavet, Hardangerrådet IKS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har gått saman om det som ligg an til å verta verdas største ryddeaksjon. Heile Hardangerfjorden skal ryddast frå innerst og heilt ut til havgapet ved Bømlo under den nasjonale Strandryddeveka i september. Vi tek sikte på at det offentlege, skular, næringsliv, og frivillige organisasjonar langs Hardangerfjorden saman vil delta på denne store dugnaden. Bli med du og!

PROGRAM FOR STRANDRYDDEVEKA I SEPTEMBER:

12.-13. September	Inspirasjonsbesøk til skulane langs fjorden
14. September	Rundebordskonferanse med deltakarar frå inn- og utland
14. september	Inspirasjonsarrangementet Fjorden Future Club for alle som deltek på ryddeaksjonen.
15. september	Ryddesaksjonen Rein Hardangerfjord – Me berre gjer det!
16. september	Fjorden Aid – Konsert som takk for deltaking, og til inntekt for Rein Hardangerfjord 2023

ME BERRE GJER DET!

Hausten 2021 vart initiativtakarane av stiftelsen Framtidshavet invitert til Lingalaks AS for å halde innlegg og gjennomføra ein ryddeaksjon i nærområdet deira. Aksjonen var særst vellukka, men det var tydeleg at det var meir plast enn venta langs fjorden. I diskusjon om vi ikkje like gjerne skulle rydde heile Hardangerfjorden, uttalte Erlend Haugarvoll i Lingalaks: "Me berre gjer det". Derifrå var det kort veg inn til Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Særst positive tilbakemeldingar og raske vedtak, har no sikra at initiativet er godt forankra i fjorden. Kvar berørte kommune får no oppretta koordinatorar for planlegging og gjennomføring. Vi har også med oss alt frå frivillige organisasjonar til profesjonelle ryddeaktørar, Hold Norge Rent, Kongelig Norsk Båtforbund, Bergen og omland friluftsråd, fleire næringsaktørar, 100dager, NORCE, Visit Hardangerfjord, Visit Sunnhordland, politisk nivå lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, med mange fleire. Vi møter berre positivitet – Så *dette gjer me berre!*

Vi klarar ikkje å rydde fjorden på ein dag, men Rein Hardangerfjord er eit initiativ med eit femårsperspektiv. Hovudmålet er sjølvstøtt å få rydda fjordsystemet så mykje som mogleg for plast – noko som er eit heilt naudsynt berekraftstiltak. Eit slikt storstilt initiativ som strekk seg over så lang tid, vil i tillegg føre med seg ei rekkje positive ringverknader, som t.d. omdømme- og merkevarebygging, fremjing av folkehelse, større nærleik til fjorden, forskning, samarbeid på tvers av regionane, næringsliv og alle aldrar, nyskaping og kulturskaping. Kanskje vert dette ein modell til etterfølging andre stader også?

###

KONTAKTINFORMASJON:

Har du spørsmål, eller ønskjer du å delta på denne spanande dugnaden, så ta gjerne kontakt med følgjande:

Tora Haslum Myklebust – Dagleg leiar Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS Tlf. +47 41217024 E-post: tora@samarbeidsraadet-sunnhordland.no	Kenneth Bruvik - Miljøforkjempar og president i stiftinga Framtidshavet Tlf. +47 93631246 E-post: kenneth@framtidshavet.no
Jostein Eitrheim – Dagleg leiar Hardangerrådet IKS Tlf. +47 47669524 E-post: jostein.eitrheim@hardangerraadet.no	Lennart Fjell - Miljøfuturist og dagleg leiar av stiftinga Framtidshavet Tlf. +47 95428703 E-post: lennart@framtidshavet.no